

Informasjon om nasjonale prøver 2024



Elevane våre på 5. trinn skal snart gjennomføre nasjonale prøver.

Prøvene blir gjennomførte i perioden 2.-27. september. Vi set pris på om de unngår lege- og tannlegetimer dagane kor prøvene skal gjennomførast. Dei nøyaktige datoane for kvar enkelt prøve vil komme frem av vekeplanen til trinnet.

Kva er nasjonale prøver?

Føremålet med nasjonale prøver er å gi skulane kunnskap om elevane sine grunnleggjande ferdigheiter i lesing, rekning og engelsk. Informasjonen frå prøvene skal danne grunnlag for undervegsvurdering og kvalitetsutvikling på alle nivå i skolesystemet. Elevane på 5. trinn skal gjennomføre nasjonale prøver i lesing, rekning og engelsk. Prøvene er elektroniske. Det tek inntil 90 minuttar å løyse ei prøve i lesing og rekning, mens det tek inntil 60 minuttar å løyse ei prøve i engelsk.

Kva slags oppgåver skal elevane løyse?

Nasjonale prøver gir informasjon om elevar på alle nivå. Derfor har prøvene både lette og vanskelege oppgåver. Det er veldig få elevar som får alt riktig på prøva, somme får ingen. Det er fordi vi må ha nokre ordentleg vanskelege oppgåver som dei sterkaste elevane kan bryne seg på. Alle prøvene er elektroniske, og dei består av ulike tekststar, bilete og oppgåver med spørsmål. På opne oppgåver skal elevane svare med eigne ord eller med tal, mens på fleirvalsoppgåver skal elevane velje eitt av fleire svaralternativ.

Korleis skal nasjonale prøver brukast?

- Lærarane skal bruke resultatata for å følgje opp elevane sine og i arbeidet med undervegsvurdering og tilpassa opplæring.

- kommunar og skular skal bruke resultata som grunnlag for kvalitetsutvikling i opplæringa.
- Forskarar kan søkje om å få utlevert resultat frå nasjonale prøver til bruk i forskning.

Prøvene og resultata gir informasjon om enkeltelevar, grupper, trinn og skular, som lærarar og skuleleiarar treng for å utvikle skulen vidare. Resultata frå dei nasjonale prøvane gir eit avgrensa bilete av dei ferdigheitene og den kompetansen elevane har. Ein må derfor alltid sjå resultata i samanheng med anna relevant informasjon ein har om skulen, kommunen og elevane.

Fritak

Prøvene er obligatoriske for alle elevane, men skulane kan vurdere å innvilge fritak til elevar som har vedtak om spesialundervisning eller rett til særskild norskopplæring. Elevane kan berre få fritak dersom det er klart at prøveresultata ikkje vil ha mykje å sei for opplæringa vidare. Sjølv om ein elev har rett til fritak, kan eleven sjølv eller dei føresette, bestemme at eleven gjennomfører prøven. Ta kontakt med skulen for å søke om fritak om dette er aktuelt for ditt barn. Du kan kontakte avdelingsleiar på 5. trinn, Ingvild Christine Lysen i Vigilo, om du har spørsmål.

Tilrettelegging for enkeltelevar

Enkelte elevar kan ha behov for tilrettelegging når prøvene skal gjennomførast. Avdelingsleiar har i samråd med lærarane ansvar for tilrettelegginga. Tiltaka skal ikkje gå utover ferdigheita som prøven måler.

Ta kontakt med avdelingsleiar Ingvild Lysen, dersom du har spørsmål til dei nasjonale prøvane.

Med vennleg helsing

Ingvild Christine Lysen

Garnes skule, avdelingsleiar 5.-7.trinn

Tlf 53037054